Vekselbanken
– ein god medspelar –



# DELÅRSRAPPORT
# 2. kvartal 2013


Voss, 20. august 2013
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 fax. 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

# DELÅRSRAPPORT 2. KVARTAL 2013

**RESULTATUTVIKLING**

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt hittil i år på 11,1 mill. kr (0,66%) mot 15,9 mill. kr (1,01%) ved halvårsskiftet i fjor.

I 2. kvartal er resultatet før skatt auka med 0,4 mill. kr til 6,8 mill. kr. Resultatet tilsvarar 0,79% i år, mot 0,78% i fjor av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet. Etter skatt er kvartalsresultatet 4,8 mill. kr, mot 4,3 mill. kr i fjor. Dette tilsvarar 0,56% i år og 0,53% i fjor av GFK i kvartalet. Resultatet er prega av positiv vekst i netto renteinntekter, moderat kostnadsvekst men reduserte inntekter frå finansplasseringar.

**RENTEMARGIN**

I 2. kvartal er netto renteinntekter auka med 0,3 mill. kr til 17,0 mill. kr, samanlikna med 2. kvartal i fjor. I % av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet er rentemarginen 1,99% mot 2,03% i 2. kvartal i fjor.

Hittil i år er netto renteinntekter auka med 0,7 mill. kr til 33,9 mill. kr (2,01%) mot 33,2 mill. kr (2,10%) etter fyrste halvår i fjor.

Etter nye reglar frå styresmaktene er det hittil i år belasta avgift til Bankenes Sikringsfond med 1,0 mill. kr, noko som utgjer reduksjon i rentemarginen på 0,06% i høve til fjoråret.

**INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR**

Utviklinga på banken sine papir investert på Oslo Børs har vore svak i år. Ved halvårsskiftet har banken samla inntektsført netto utbyte og verdiendringar med 0,9 mill. kr, mot 4,7 mill kr ved halvårsskiftet i fjor.

For 2. kvartal isolert inntektsfører banken netto utbyte og verdiendringar med 0,5 mill. kr, mot kostnadsføring på 0,4 mill. kr i 2. kvartal i fjor.

**DRIFTSKOSTNADER**

I 2. kvartal i år er driftskostnadane på 10,5 mill. kr som er det same som for 2. kvartal i fjor. I % av GFK i kvartalet er driftskostnadane på 1,23%, mot 1,28% i fjor.

Pr. 30.06.13 bokfører banken samla driftskostnader på 22,5 mill. kr (1,33%), mot 22,3 mill. kr (1,40%) ved halvårsskiftet i fjor, noko som er i underkant av budsjetterte tal.

**TAP OG MISLEGHALDNE LÅN**

I 2. kvartal har banken kostnadsført tapsavsetjingar med 0,6 mill. kr mot 0,2 mill. kr for 2. kvartal i fjor.

Samla netto misleghaldne engasjement ved utgangen av 2. kvartal i 2013 er på 48,9 mill. kr mot 30,0 mill. kr ved utgangen av 2. kvartal 2012. I % av brutto utlån utgjer dette 1,61% pr. 30.06.13, mot 1,07% pr. 30.06.12. For nærmare spesifikasjon sjå eigen tapsnote.

**RÅDVELDEKAPITAL**

I 2. kvartal er rådveldekapitalen auka med 227 mill. kr eller 6,9%, til 3.543 mill. kr.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 202 mill. kr eller 6,1%.

**INNSKOT**
I 2. kvartal er innskota auka med 113 mill. kr eller 5,1%, mot ein auke i 2. kvartal i fjor på 91mill. kr eller 4,4%.

Pr. 30.06.13 er innskot frå kundar på 2.342 mill. kr mot 2.156 mill. kr pr 30.06.12, ein auke på 186 mill. kr eller 8,6%.

Innskotsdekninga frå kundar held seg på eit høgt nivå, og var ved utgangen av 2. kvartal 77,3% av brutto utlån, mot 76,5% på same tid i fjor.

**UTLÅN**
Banken opplever, sjølv med skjerpa konkurranse, god vekst i utlån og bokfører i 2. kvartal ein auke i brutto utlån på 154 mill. kr, eller 5,3%, mot 108 mill. kr (4,0%) i 2. kvartal i fjor.

Ved utgangen av kvartalet har banken passert 3 mrd. kr i brutto utlån, og bokfører brutto utlån til kundar med 3.031 mill. kr mot 2.818 mill. kr ved halvårsskiftet i fjor. Dette utgjer ein auke siste 12 månadane på 213 mill. kr eller 7,5%. Banken har så langt ikkje utlån til kundar formidla via Eika Boligkreditt.

**LIKVIDITET**
Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.342 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense) pr. kunde 292 mill. kr eller berre omlag 12%.

**EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING**
Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel II reglane er 359,7 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 17,19%, utan at resultatet hittil i år er teke med. Kjernekapitalen er samstundes 300,5 mill. kr, eller 14,36%. I høve til minimumskrava er overdekninga 192,3 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 12,69%.

**REVISJON**
Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

**REKNESKAPSPRINSIPP**
Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

**UTSIKTENE FOR 2013**
Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Vi forventar at rentenivået me har i dag vil halde seg nokolunde stabilt framover. For å kunna styrka banken sin eigenkapital i tråd med nye krav frå styresmaktene, og motverka auka innbetaling til Bankenes Sikringsfond har banken etter kvartalsslutt varsla ein moderat renteauke på utlån. Etter banken sin overgang som fullverdig medlem i Eika-gruppen, forventar ein lågare relative innkjøpskostnader på både drift og finansiering. Dette vil styrka banken framover.

Kontaktpersonar: Banksjef Jan Arveschoug eller ass. banksjef Einar Larsen tlf 56 52 35 00

# RESULTATREKNESKAP

*Alle tal i heile NOK 1.000*

| | **2. kv. 2013** | 2. kv. 2012 | **30.06.13** | 30.06.12 | 31.12.12 |
|---|---|---|---|---|---|
| Renteinntekter og liknande inntekter | 36.354 | 36.170 | 72.250 | 71.864 | 146.785 |
| Rentekostnader og liknande kostnader | 19.326 | 19.395 | 38.296 | 38.600 | 76.523 |
| **Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter** | **17.028** | 16.775 | **33.954** | 33.264 | 70.262 |
| Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning | 1.076 | 2.523 | 1.108 | 2.538 | 2.538 |
| Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester | 1.212 | 1.161 | 2.168 | 2.155 | 4.781 |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester | -803 | -582 | -1.617 | -1.100 | -2.351 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar | -548 | -2.924 | -192 | 2.212 | 1.223 |
| Andre driftsinntekter | 10 | 175 | 20 | 340 | 819 |
| **Sum andre inntekter** | **947** | 353 | **1.487** | 6.145 | 7.010 |
| **Sum netto inntekter** | **17.975** | 17.128 | **35.441** | 39.409 | 77.272 |
| Personalkostnader | 3.977 | 3.555 | 9.568 | 8.485 | 20.272 |
| Administrasjonskostnader | 3.976 | 3.877 | 7.448 | 7.240 | 14.876 |
| Ordinære avskrivingar | 1.624 | 1.893 | 3.251 | 3.792 | 6.232 |
| Andre driftskostnader | 965 | 1.163 | 2.294 | 2.663 | 4.981 |
| **Sum kostnader** | **10.542** | 10.488 | **22.561** | 22.180 | 46.361 |
| **Resultat før tap** | **7.433** | 6.640 | **12.880** | 17.229 | 30.911 |
| Tap på utlån, garantiar m.v. | 645 | 227 | 1.734 | 1.265 | 3.062 |
| Nedskriving/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Netto tap og avskrivingar** | **645** | 227 | **1.734** | 1.265 | 3.062 |
| **Resultat før skatt** | **6.788** | 6.413 | **11.146** | 15.964 | 27.849 |
| Skatt på ordinært resultat | 1.956 | 2.067 | 3.269 | 3.410 | 6.992 |
| **Resultat for rekneskapsåret** | **4.832** | 4.346 | **7.877** | 12.554 | 20.857 |
| **Andre inntekter og kostnader** | | | | | |
| Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal | -169 | -1.740 | 1.535 | -1.393 | -2.173 |
| Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal | 47 | 28 | -308 | -69 | 141 |
| **Sum andre postar** | **-122** | -1.712 | **1.227** | -1.462 | -2.032 |
| **Totalresultat** | **4.710** | 2.634 | **9.104** | 11.092 | 18.825 |
| Resultat pr. aksje | 50,86 | 45,75 | 82,92 | 132,15 | 219,55 |

# BALANSE

*Alle tal i heile NOK 1.000*

| | **30.06.13** | 30.06.12 | 31.12.12 |
|---|---|---|---|
| **EIGNELUTAR** | | | |
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 68.219 | 144.367 | 72.360 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 73.604 | 11.001 | 118.981 |
| Netto utlån og fordringar på kundar | 2.985.394 | 2.774.303 | 2.804.073 |
| Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning | 290.302 | 296.244 | 253.668 |
| Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning | 56.415 | 57.260 | 60.149 |
| Immaterielle eignelutar | 17.997 | 3.748 | 20.000 |
| Finansielle derivat | 454 | 16 | 406 |
| Varige driftsmidlar | 37.160 | 37.050 | 37.770 |
| Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter | 13.356 | 16.398 | 9.671 |
| **SUM EIGNELUTAR** | **3.542.901** | 3.340.387 | 3.377.078 |
| **GJELD OG EIGENKAPITAL** | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 0 | 0 | 0 |
| Innskot frå og gjeld til kundar | 2.341.666 | 2.156.410 | 2.232.207 |
| Obligasjons- og sertifikatgjeld | 744.784 | 744.309 | 711.577 |
| Finansielle derivat | 642 | 373 | 643 |
| Utsett skatt | 2.746 | 2.975 | 2.270 |
| Anna gjeld | 16.779 | 15.408 | 20.015 |
| Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter | 31.945 | 29.402 | 11.004 |
| Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar | 6.626 | 6.731 | 6.311 |
| Ansvarleg lånekapital | 85.000 | 84.440 | 85.000 |
| **Sum gjeld** | **3.230.188** | 3.040.048 | 3.069.027 |
| **EIGENKAPITAL** | | | |
| *Innskoten eigenkapital* | | | |
| Aksjekapital (95 000 aksjar á kr. 100,-) | 9.500 | 9.500 | 9.500 |
| - Behaldning eigne aksjar | -15 | -15 | -15 |
| Sum innskoten eigenkapital | 9.485 | 9.485 | 9.485 |
| *Opptent eigenkapital* | | | |
| Annan eigenkapital | 303.228 | 290.854 | 298.566 |
| Sum opptent eigenkapital | 303.228 | 290.854 | 298.566 |
| **Sum eigenkapital** | **312.713** | 300.339 | 308.051 |
| **SUM GJELD OG EIGENKAPITAL** | **3.542.901** | 3.340.387 | 3.377.078 |
| Garantiansvar | 57.265 | 53.194 | 51.276 |
| Pantsetjingar | 66.234 | 64.966 | 61.153 |
| Eigenkapitaldekning | 17,19 % | 17,47 % | 19,19 % |

Voss, 20. august 2013
Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Jorunn Lødemel
*Styreformann*

Stein Kvarekvål

Åse-Karin Tennebekk

Dagfinn Gjøstein

Norvald Fretheim

……………………

Jan Arveschoug
*banksjef*

# TAP PÅ UTLÅN

*Alle tal i heile NOK 1.000*

| **Bokførte tap** | **30.06.13** | 30.06.12 | 31.12.12 |
|---|---|---|---|
| Endring i individuelle tapsnedskrivingar | -50 | 300 | 1.790 |
| Endring amortiseringseffekt individuelle nedskrivingar | 0 | -614 | 0 |
| Endring i gruppevise nedskrivingar | 0 | 1.500 | 820 |
| Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for | 1.802 | 126 | 480 |
| Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for | 0 | 0 | 41 |
| Inngang på tidlegare avskrivne tap | -18 | -47 | -69 |
| **Sum tap i perioden** | **1.734** | 1.265 | 3.062 |

Sum tap gjeld tap på utlån.

| **Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement** | | | |
|---|---|---|---|
| Brutto misleghaldne lån | 52.145 | 35.218 | 37.338 |
| Individuelle tapsnedskrivingar | 3.242 | 5.191 | 5.455 |
| **Netto misleghaldne lån** | **48.903** | 30.027 | 31.883 |
| | | | |
| Andre tapsmerka engasjement | 74.432 | 66.578 | 75.905 |
| Individuelle tapsnedskrivingar | 24.364 | 20.339 | 22.201 |
| Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån | **50.068** | 46.239 | 53.704 |
| **Netto tapsutsette engasjement** | **98.971** | 76.266 | 85.587 |

# SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

| | | | |
|---|---|---|---|
| Brutto utlån | 3.030.576 | 2.818.089 | 2.849.305 |
| Amortiseringseffekt individuelle nedskrivingar | 0 | 1.578 | 0 |
| Individuelle nedskrivingar / spesifiserte avsetjingar | -27.606 | -27.108 | -27.656 |
| Gruppevise nedskrivingar / uspesifiserte avsetjingar | -17.576 | -18.256 | -17.576 |
| Netto utlån til kundar | **2.985.394** | 2.774.303 | 2.804.073 |

# KAPITALDEKNING

| | **30.06.13** | | 30.06.12 | | 31.12.12 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Boreknings-grunnlag | Kapital-krav | Boreknings-grunnlag | Kapital-krav | Boreknings-grunnlag | Kapital-krav |
| Lokale og regionale styresmakter | 0 | 0 | 4.450 | 356 | 0 | 0 |
| Institusjonar | 37.117 | 2.969 | 60.131 | 4.810 | 68.004 | 5.440 |
| Føretak | 438.000 | 35.040 | 658.137 | 52.651 | 325.886 | 26.071 |
| Massemarknad | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Pantsikring i bustad og fritidseigedom | 1.189.325 | 95.146 | 800.486 | 64.039 | 1.136.304 | 90.904 |
| Forfalne engasjement | 118.581 | 9.486 | 73.813 | 5.905 | 18.292 | 1.463 |
| Obligasjonar med fortrinnsrett | 5.532 | 443 | 10.500 | 840 | 5.532 | 443 |
| Andelar i verdipapirfond | 2.860 | 229 | 5.299 | 424 | 6.070 | 486 |
| Andre engasjement | 183.628 | 14.690 | 339.371 | 27.150 | 189.723 | 15.178 |
| Sum kredittrisiko | **1.975.043** | **158.003** | 1.952.187 | 156.175 | 1.749.811 | 139.985 |
| Operasjonell risiko | 135.137 | 10.811 | 133.037 | 10.643 | 133.037 | 10.643 |
| Frådrag for gruppevise nedsrivingar | -17.576 | -1.406 | -18.256 | -1.460 | -17.576 | -1.406 |
| Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Samla kapitalkrav | **2.092.604** | **167.409** | 2.066.968 | 165.357 | 1.865.272 | 149.222 |
| | | | | | | |
| Innbetalt aksjekapital | 9.500 | | 9.500 | | 9.500 | |
| - eigne aksjar | -15 | | -15 | | -15 | |
| Annan eigenkapital | 274.052 | | 257.811 | | 274.245 | |
| Fondsobligasjonar | 35.000 | | 34.440 | | 35.000 | |
| - immaterielle eignelutar / utsett skattefordel | -17.996 | | 0 | | -20.000 | |
| Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar | 0 | | 0 | | 0 | |
| Sum kjernekapital | **300.541** | **14,36** | 301.736 | 14,60 | 298.730 | 16,02 |
| | | | | | | |
| Fond for urealiserte verdiendringar | 9.195 | | 9.287 | | 9.195 | |
| Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital | 50.000 | | 50.000 | | 50.000 | |
| Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar | 0 | | 0 | | 0 | |
| Sum tilleggskapital | **59.195** | **2,83** | 59.287 | 2,87 | 59.195 | 3,17 |
| | | | | | | |
| Sum ansvarleg kapital | **359.736** | **17,19** | 361.023 | 17,47 | 357.925 | 19,19 |

## ENDRING I EIGENKAPITALEN

| | **30.06.13** | 30.06.12 | 31.12.12 |
|---|---|---|---|
| Eigenkapital ved inngangen til året | 308.051 | 293.047 | 293.047 |
| Utbetalt utbytte førre år | -4.275 | -3.800 | -3.800 |
| Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal | 1.060 | -1.462 | -2.032 |
| Kjøp / sal eigne aksjar | 0 | 0 | -21 |
| Resultat i perioden | 7.877 | 12.554 | 20.857 |
| **Eigenkapital ved periodeslutt** | **312.713** | 300.339 | 308.051 |

## KONTANTSRAUMOPPSTILLING

Alle tal i heile NOK 1.000

| | **30.06.13** | 30.06.12 | 31.12.12 |
|---|---|---|---|
| Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalingar | 78.982 | 70.619 | 157.681 |
| Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalingar | -18.440 | -18.812 | -78.083 |
| Andre innbetalingar | 1.949 | 3.009 | 4.439 |
| Driftsutbetalingar | -17.837 | -24.761 | -43.581 |
| Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap | 18 | 48 | 69 |
| Utbetalt utbytte | -4.275 | -3.800 | -3.800 |
| Betalte skattar | -6.964 | -2.769 | -6.964 |
| **Tilført frå verksemda** | **33.433** | 23.534 | 29.761 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar | -180.795 | -166.693 | -198.252 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar | 103.258 | 53.056 | 128.854 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar | 5 | 0 | 0 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld | 33.207 | 78.118 | 45.386 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar | -1.591 | -4.018 | -29 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir | -34.502 | -11.496 | 26.288 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar | 0 | 0 | 0 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld | 459 | 2.584 | 4.704 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital | 0 | 0 | 0 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i eigne aksjar | 0 | 0 | 0 |
| **Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd** | **-79.959** | -48.449 | 6.951 |
| Investert i varige driftsmidlar | -616 | -635 | -2.581 |
| Investert i immatrielle eignelutar | 0 | 0 | -23.715 |
| Avgang varige driftsmidlar, til salssum | 0 | 0 | 0 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir | -2.376 | -9.968 | -9.961 |
| **Netto kontantstraum frå investeringar** | **-2.992** | -10.603 | -36.257 |
| Netto endring likvidar | -49.518 | -35.518 | 455 |
| Likviditetsbehaldning ved inngangen til året | 191.341 | 190.886 | 190.886 |
| **Likviditetsbehaldning ved periodeslutt** | **141.823** | 155.368 | 191.341 |
| | | | |
| **Likviditetsbehaldning ved periodeslutt består av:** | | | |
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 68.219 | 144.367 | 72.360 |
| Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid | 73.604 | 11.001 | 118.981 |
| **Sum likviditetsbehaldning ved periodeslutt** | **141.823** | 155.368 | 191.341 |